



Rogaland

Referat frå styremøte 27 april 2023

Stad: Felleskjøpbygget i Stavanger

Tid: 17 – 21.30

Disse møtte: Marianne Jøssang, Aslaug Sandanger, Inga Lill Håkull, Alice Tengesdal, Åse-Berit Fidjeland, Astrid Skretting, Margrete Tytlandsvik, Gro Mabel Anda, Roar Nedrebø (RBU), Silje Kristin Bekkeheien (RBL) Are Hauge Braaten (sekretær)

Sakliste:

Sak 01/2023 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sak 02/2023 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte (førre)

Sak 03/2023 Referatsaker:

- **Marianne:**
- **Inga Lill:** Årsmøte RBL, styremøte RBL
- **Gro Mabel:**
- **Åse-Berit:**
- **Aslaug:**
- **Margrete:** årsmøte RL
- **Alice:**
- **RB:**
- **RBU:**

Sak 04/2023 Økonomiske føringar

Orientering om økonomien pdd. Repeterande sak.

Vedtak: Tatt til orientering.

Sak 05/2023 Oppfølging av lokallaga

Vedtak: Me går ikkje gjennom oppfølginga i dag, men når alle har fått kontaktag så oppmodar me styrets medlemmer til å ta kontakt med sine lokallag, blant anna for å sjekke at me har rett kontaktinformasjon.

Sak 06/2023 Bygdekvinne nyt(t)er maten

Frå diskusjonen: Gro Mabel orienterte. Me søker ikkje om eitt felles prosjekt for neste periode, men det er ope for lokallaga å søke om midlar frå Gjensidigestiftelsen (og andre, som Sparebankstiftelsen) til prosjekt i eiga regi.

Vedtak: Me informerer lokallaga om moglegheita og kan vere til disposisjon til rådføring.

Sak 14/2023 Konstituere nytt styre

Oppgåvefordelinga: Alice møter hjå RBU.

Soneinndelinga - kontaktansvar:

Sone 1 – Åse-Berit

Sone 2 - Astrid

Sone 3 – Aslaug

Sone 4 – Margrete

Sone 5 – Inga Lill

Vedtak: Fordelinga er godkjende

Sak 15/2023 Gjennomgang av retningslinjer for styrets arbeid

Gjennomgår styrepermen med retningslinjer og alt. Samt korleis det er med reiserekningar og slikt.

Det skal utferdast ein ny instruks for valnemnda i tråd med den kommande høyringa, og det skal utferdast ein ny instruks for gjennomføring av årsmøte.

Vedtak: Me utførte enkle revideringar for å gjere retningslinjene meir i tråd med dagens organisasjon.

Sak 16/2023 Evaluering av årsmøte

Me ser over questback og diskuterer saka.

Det var mange gode tilbakemeldingar på arrangementet og hotellet.

Innlegga: Rogalandsgardens innlegg bør justerast til å vere meir informativ om prosjektet når dei reiser til lokallaga, jf tilbakemeldingane. Det er mange som ikkje er så kjend med prosjektet. Marianne følgjer opp.

Noterast til neste år: resolusjonskomite, faste sitteplassar, kleskode til middagen.

Vedtak: Tatt til etterretning, saker til neste år følgjast opp til neste årsmøte.

Sak 17/2023 Forslag til nye faste saker:

Studieforbundet, nettstad og kommunikasjon

Vedtak: Arbeidsplanen, nettstad og kommunikasjon er satt som faste saker. Studieforbundet vert sett under sak 3.

Sak 18/2023 Høyring av valnemndas oppbygging

Dagens valnemnd i Rogaland er ikkje etter boka, me skal ha 3 medlemmar valt for 3 år, ikkje ein for kvar sone.

Frå diskusjonen: dagens løysing fungerer og valnemnda har god kjennskap til eiga sone. Går me for 3-medlemsnemnd må det vere over eitt par år slik at me ikkje kaster ut erfarne medlemmar. Me skriv nokon ord om kvifor me tek det opp på ein høyring.

Vedtak: AU utferdar eitt høyringsskriv om me skal halde fram med dagens ordning eller følgje vedtektene.

Sak 19/2023 Deltaking på samlingar i andres regi

Korleis vil de gjer det? F.eks landbrukskonferansen i Statsforvalterens regi.

Frå diskusjonen: Oppmodar styrets medlemmar til å sende samlingar som er interessante til leiar for vurdering. Kostnadar må vegast opp mot nytte og budsjett.

Vedtak: Tatt til etterretning.

Sak 20/2023 Nytt materiell med ny logo

Rullopp og anna materiell må designast og bestillast

Frå diskusjonen: det trengst nokon gode bilete – gjerne frå lokallaga – i høg nok opplysing. Så må det utferdast noko tekst og bestillast. Kan informere lokallaga som treng ny rullopp at dei kan bestille noko nytt.

Vedtak: Åse Berit fikser nye nummerlappar, AU følger opp rullopp.

Sak 21/2023 Årshjulet og møteplan

Sette opp møtedatoar for arbeidsåret.

Vedtak: Møteplan for året vart sett. Sjå vedlegg.

Sak 22/2023 Lokalvalet 2023

Kontakt med lokallaga og vurdere egen aktivitet opp mot fylkespolitikarane.

Vedtak: Me tek opp valkamp i lokallagskontakten. Sakar: beredskap, jordvern, skulemat.

Innkomne skriv og meldingar

Eventuelt

Spele inn Bothild Nordsletten til å halde innlegg på NBKs inspirasjonsseminar.

Vår kontaktperson i NBK får våre referat, ho er lagt inn i lokallagsleiarepostlista slik ho får alt.

Medlemsregisteret skal jobbast med.